



Notat

Dato: 10.12.2014
Arkivsak: 2014/17184-18
Saksbehandlar: silfoyn

Til: Eva Katrine Ritland Taule

Frå: Silje Øvrebø Foyen

Områderegulering gnr/bnr 23/1 m. fl. Sævarhagen, Haga, Nedre Økland- Revidert kostnadsoverslag for arkeologisk registrering

Vi viser til dykkar brev av 01.12.2014 med endra plangrense til Områderegulering for gnr/bnr 23/1 m.fl., Sævarhagen, Nedre Økland.

Planområdet har fortsatt konfliktar med automatisk freda kulturminne jf. punkt 2 i planvedtaket (KURE saksnummer 143/14, dato 21.10.14, sjå avsnitt under). Dette er ikkje tatt til følgje, jf. dykkar brev av 01.12.2014

2. Fleire arealformål i planframlegget er i konflikt med automatisk freda kulturminne. Kultur- og ressursutvalet fremjar motsegn til:

- Arealformål o_TB , turveg og tilhøyrande bestemmelseområde som går inn i sikringssona til fleire automatisk freda kulturminne, ID 60600, H730_3, ID 15869, H730_4 og ID 35512, H730_6.
- Arealformålet UNB8, uthus/naust/badehus, som går inn i sikringssona til ID 35512, H370_6.
- Arealformålet SB1, småbåtanlegg i sjø, går inn i sikringssona til ID 60600, H730_3
- Manglande omsynssone c – bevaring kulturmiljø, H570 i plankartet, med tilhørande føresegn rundt alle dei automatisk freda kulturminna for å ivareta deira interesser i planen.

Delar av traseen for turveg, naust og småbåtanlegg i sjø går innafor sikringsonar til automatisk freda kulturminne. Det må difor pårekna ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta, jf. kulturminnelova § 9. Planen må og handsamast av Riksantikvar for dispensasjon i sikringsona.

Vi vil i eige brev sende nytt og revidert kostnadsoverslag basert på endra plangrense. Vi ber om skriftleg godkjenning av dette. Hordaland fylkeskommune ber Stord kommune ta kontakt med seksjon for Kulturminnevern og museum for å greia ut omfang og kostnader knytt til planprosess.

Målet med registreringa er å få kunnskap om turstien, naust og småbåtanlegg vil kome i konflikt med automatisk freda kulturminne.

Det er ofte føremålstenleg å få området registrert før planen er ferdig utforma for å kunne ta omsyn til eventuelle konfliktar med automatisk freda kulturminne. Vi gjer merksam på at det er tiltakshavar som må bere kostnadane med ei slik undersøking, jf. kulturminnelova §§ 9 og 10. Vi vil og minne om at vi har ein lovfesta tidsfrist på inntil 3 + 1 månader etter at planen er lagt ut til offentleg høyring, jf. Kulturminneloven § 9.

Vi gjer merksam på at planen må reviderast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde dersom det viser seg at planen kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.